

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	06.10.21	38/21

SØKNAD OM MERKING/SKILTING AV TURSTIGAR I SYNSLIE – SYNSLIA GRENDEUTVAL

Saksdokument:

1. E-post frå Statskog av 11.08.21 med vedlegg.
2. E-post frå fjellstyret av 07.09.21 til Tessand beitelag v/Aase Odnes.

Saksutgreiing:

Fjellstyret har frå Statskog mottatt til uttale ein søknad frå Synslia Grendeutvalg om merking/skilting av turstigar i Synstlie. I søknaden til Statskog står det m.a:

Synslia Grendeutval planlegg å skilte stignettet i området Synslia – Strondsætre – Kleivhøe. Vi har starta arbeidet med å kartlegge og å vedlikehalde det opptråkka stignettet/turmåla i området, samt å marknadsføre turområdet via sosiale medium og eiga blogg. Vi planlegg å markere stignettet ytterligare med turskilt etter eksisterande norm/standard for slik skilting. Meininga med skiltinga og merkinga er å senke terskelen for at folk skal bruke området til friluftsliv og rekreasjon. Området har fleire fine utsiktspunkt og eit variert terreng, som med fordel kan nyttast meir som turterreng, sumar som vinter. Kanskje særleg potensiale har området verdi som ein introduksjon til friluftslivet for born og unge. På den måten kan vi kanskje få letta presset på dei meir populære turområda ved Tesse, Lemonsjøen og Sjodalen. Etablering av eit slikt stignett med god skilting vil og kunne bitte saman området med Vågåmo, då Kleivhøe og er eit populært turmål frå Vistekleiven/Klonesbakken.

Søknaden vart sendt til Tessand beitelag for eventuelle merknader. Det har ikkje kome merknader frå beitelaget. Kart som var vedlagt søknaden, som viser aktuelle stigar, er vedlagt saka.

Vurdering:

Ut ifrå kartvedlegget ser det ut til at det hovudsakleg dreier seg om merking/skilting av eksisterande stigar og vegar som fører opp til m.a. Rognhøe, Kleivhøe og Strondseterhøe. Dette er stigar som allereie er nytta i dag. Det skulle såleis ikkje vera konfliktfullt i forhold til dei interessene som fjellstyret skal ivareta at desse blir betre merka og skilta. Beitelaget har heller ikkje kome med merknader i saka.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og har ingen merknader til at Synslia Grendeutvalg får løyve til å merke/skilte turstigar i området slik som omsøkt.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Rett utskrift. Går til:
Statskog v/Hilde Hammer

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no